

## NOTAT

Til: Styringsgruppa  
Frå: Prioriteringsrådet  
Kopi: [Fyll inn]

## Vedlegg nr. 2

Saksbehandlar/telefon:  
[Fyll inn] / [Fyll inn]  
Vår dato: 19.04.2024

## Sak 27/24 Handlingsprogram 2025-2028

### 1. Bakgrunn

Denne saka er eit grunnlag for å rullere Miljøløftets handlingsprogram 2025-2028. Saka er ei oppfølging av sak 22/24, der handsaminga av handlingsprogrammet var avgrensa til Post 30. Då vart følgjande vedtak gjort (henta frå sak 25/24 Utkast til referat):

*«Vedtak: Styringsgruppa gir sin tilslutnad til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025-2028 over post 30, i tråd med konklusjonane i møtet. År 1 i handlingsprogrammet blir Miljøløftet sitt innspel til Statsbudsjett 2025. Handlingsprogram 2025-2028 som heilskap blir behandla i neste møte, før vedteke handlingsprogram blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2024.»*

*Dersom det gjennom Nasjonal transportplan blir gitt signal om friske midlar over Post 30 og tilleggsavtale til byveksttalen, ber styringsgruppa Statens vegvesen om at også prosjekta «E39 DS8-a Hovedsykkelrute Eidsvåg – Tertneskrysset» og «E39 DS8-b Hovedsykkelrute Tertneskrysset-Rolland», som er knytt til byggetrinn 5 av bybanen, blir spelt inn til Statsbudsjett 2025.»*

Denne saka er utgangspunkt for vidare drøftingar rundt dei resterande finansieringskjeldene i Miljøløftet. Etter vedtak, har Miljøløftet si styringsgruppe gitt sitt forslag til handlingsprogram for perioden 2025-2028. Vidare prosess blir oversending til lokalpolitisk handsaming før sommaren.

Forslaget er basert på innspel frå arbeidsgruppene, prosjekteigarar og Samordningsfunksjonen, samt diskusjonar i prioriteringsrådet. Det har blitt lagt vekt på å ivareta porteføljestyingskriteria gjennom prosessen, der både modenheit, måloppnåing, tilgjengeleg økonomi, samfunnsøkonomisk nytte, kapasitet på planlegging og gjennomføring, arealutvikling og geografi har vore tema. I notatet er vedtaka som har blitt gjort på Post 30 inkludert, for å kunne sjå handlingsprogrammet i heilskap.

For meir utfyllande presentasjon av enkeltprosjekt, blir det vist til vedlegg 2a, utkast til prosjektportefølje. Merk at denne ikkje inneheldt tal. Det er tabellane i gjeldande notat som har dei sist oppdaterte tala.

### 2. Overordna om rullering av handlingsprogram 2025-2028

**Pengar som står på fond** er ikkje del av berekningane av handlingsrom i handlingsprogramperioden. Desse blir handsama i forbindelse med tertialrapporteringa.

I tråd med oppsett frå tidlegare år, er handlingsprogrammet sett opp med ein berekna **årleg sum for bruk av pengar** gjennom perioden. I utgangspunktet er det ønskeleg å spele inn prosjekt som summerer seg opp mot eit årleg snitt. For både belønningssmidlar og det fylkeskommunale bidraget er det nok handlingsrom til å kunne prioritere alle dei innspelte prosjekta.

Etter kvart som vi nærmar oss slutten av avtaleperioden, vil større og større del av handlingsrommet vere bunde opp av prosjekt som er sett i gang, men som vil ha behov for finansiering etter utløpet av avtaleperioden. For det fylkeskommunale bidraget, blir det vist til proposisjonen for bypakke Bergen (som gjeld til 2037), som viser ei fylkeskommunal forplikting ut over byvekstavtalen sin slutt i 2029. Vestland fylkeskommune har derfor gjort eit skilje i **periodiseringa av det fylkeskommunale bidraget**: for omlandskommunane skal prosjekta kunne fullfinansierast innanfor det fylkeskommunale bidraget i avtalen (altså inkludert restbehov etter 2028). For prosjekt i Bergen kommune, er det ikkje stilt tilsvarende krav, og størrelsen på tilgjengeleg bidrag blir berekna ut frå eit årleg snitt. Resultatet av dette, er at det likevel er handlingsrom på det fylkeskommunale bidraget i denne handlingsprogramperioden.

Det er venta avgjerd av både reforhandling og finansiering av bybanens byggetrinn 5 i forhandlingane om **Nasjonal transportplan (NTP)**. Statens vegvesen peikar på at handlingsprogrammet for Miljøløftet berre kan planlegge for bruk av pengar som er del av gjeldande avtale. Dermed kan ikkje framtidige prosjekt som er avhengig av NTP bli porteføljestyrt gjennom handlingsprogrammet. Likevel er det fleire prosjekt i porteføljen som er modne for å byggast, dersom pengane kjem. For å unngå at prosjekt venter unødig lenge på byggestart, ønsker partane i Miljøløftet å legge til rette for at pengar til Miljøløftet kan omsettast så snart som råd. Dette er bakgrunnen for konklusjonen i vedtaket frå førre møte (sitert over).

Når det gjeld **belønningssmidlar**, haldt staten for 2022 og 2023 tilbake til saman 275 millionar kroner som eit resultat av at det har bygd seg opp pengar på fond. Vestland fylkeskommune har varsla om at det er naudsynt å få desse pengane tilbake, for at budsjetta skal gå i balanse i åra som kjem. Fylkeskommunen har fått signal frå Statens vegvesen om at desse pengane vil bli betalt tilbake i form av ein årleg sum.

### 3. Post 30 Programområdemidler riksveg, og kommunal og fylkesveg

I styringsgruppemøtet 22. mars 2024, sak 22/24, vart bruk av post 30-midla i Handlingsprogram 2025-2028 handsama og vedteke. Tabellane nedanfor viser kva for prosjekt som er prioriterte over post 30 i handlingsprogram 2025-2028:

Tabell 1 – Vedteke prioritering av post 30-midler

Prosjektnamn	2025	2026	2027	2028	Restbehov
<b>Alver kommune</b>					
Fv5452 Hillesvåg–Apalen, etablering av G/S-veg	-	-	-	5000	12000
Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering	5800	1950	-	-	-
Fv5474 Seim, fortau og avkøyrlesanering	-	-	-	7900	21100
Fv565 Hilland i Alver kommune, kryssløsning	-	5216	-	-	-
Fv565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau	1650	-	-	-	-
Kv1023, Kv1056, Knavikplanen, gang- og sykkelveier	29678	-	-	-	-
Ostereidet/Lindsdalen, fortau	3100	15300	6010	-	-
Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	3000	8300	-	-	-
<b>Askøy kommune</b>					
Kleppevegen ved Myrane	66700	4 100	-	-	-
Nordre Hauglandsveg	-	7 900	15 800	15 800	5 800
Skarholmvegen	-	-	156 454	-	-
<b>Bergen kommune</b>					
Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate	4000	-	-	-	-
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun–Skjold	124300	86 000	20 900	-	-
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg-Bergen sentrum	-	-	-	-	-
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken –Glass Knag	47800	38 200	7 600	-	-
Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/Fjøsangerveien	1900	10 500	-	-	-
Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle	-	33 000	20 700	49 600	54 300
Sykkeltilrettelegging i Gabriel Tischendorfs vei og Frydenbølien	11250	-	-	-	-
Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg	-	-	10 000	80 000	167 000
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 4, Fjøsanger - Kristianborg	-	-	52 211	71 197	126 351
Johan Berentsens vei - etablering av fortau	-	16 000	16 000	8 000	-
Gang- og sykkelveg Ytre Arna - Breistein	-	1 000	-	13 000	-
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 3B, Hop-Fjøsanger	-	1 900	18 200	-	-
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 5b, Fjøsangerveien/Solheimsgaten–Fabrikkgaten	-	8828	64888	33106	-
Kv4181 Wiers-Jenssens vei sykkeltiltak	-	15000	42300	-	-
Nattlandsveien, Wiers-jenssens vei -Hagerupsvei	-	-	-	16500	135500
<b>Bjørnafjorden kommune</b>					
Etablering av trafikkisikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	9500	41 500	3 000	-	-
Fv5150 Trollaldalen–Lepsøyvegen - trygg GS-løsning	7200	-	-	-	-
Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden	852	851	-	-	-
Åsen-Helleskaret gang og sykkelveg	55000	-	-	-	-
Sykelparkering	3000	-	-	-	-
<b>Øygarden kommune</b>					
Akse Straume sjøfront til gangbru Brattholmen	-	30 000	40 000	30 000	10 000
Bildøyvegen/Straumsundet bru	-	-	20 000	60 000	20 000
Kv1136 Sentrumsgate Grønamyrvengen	-	-	-	-	-
Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	-	-	31 800	31 800	-
Skogsskiftet sentrumsområde	4000	55 300	59 300	4 000	-
<b>Sum</b>	<b>378 730</b>	<b>380 845</b>	<b>585 163</b>	<b>425 903</b>	<b>552 051</b>

## 4. Fylkeskommunalt bidrag

Fleire av prosjekta som er finansiert av statlege post 30-midlar, ligg på fylkesveg. Ettersom det statlege tilskotet ikkje dekker utgifter til mva, plan og prosjektering, har fylkeskommunen utgifter knytt til desse prosjekta som ikkje blir kompensert. I samband med rullering av handlingsprogram 2024-2027 blei det lagt til grunn at desse utgiftene var del av det fylkeskommunale bidraget i Miljøløftet i Bergen, men ikkje i omlandskommunane. For handlingsprogram 2025-2028 blir denne ordninga gjeldande for heile avtaleområdet: det fylkeskommunale bidraget til Miljøløftet skal også dekke utgifter til mva, plan og prosjektering.

For berekning av det fylkeskommunale bidraget, har sekretariatet i samråd med fylkeskommunen, lagt til grunn at byvekstavtalen blir reforhandla, slik at det fylkeskommunale bidraget vil fortsette også etter 2029. Det blir gjort eit skilje mellom Bergen og omlandskommunane, sidan det fylkeskommunale bidraget er å rekne som eit lokalt bidrag inn mot Prop.11 S. Resultatet er at det er rom til å prioritere alle dei innspelte prosjekta, ettersom restbehovet for prosjekta i Bergen kommune blir spreidd ut over avtaleperioden.

Tabell 2 gir ei oversikt over tilgjengelege middel. Raden «Handlingsrom» viser tilgjengelege middel sett bort frå prosjekt med bindingar. Sum resterande prosjekt, etter å ha tatt bort bindingar, er basert på totalkostnad over det fylkeskommunale bidraget frå 2025 til 2028 pluss restbehov for omlandskommunane, mens det for prosjekta i Bergen er rekna med totalkostnad for 2025 til 2028.

Merk at det her altså ikkje er berekna totalkostnad for heile prosjektet, men for den delen av prosjekta som er finansiert over det fylkeskommunale bidraget. Dette er særskilt relevant for post 30-prosjekta.

Tabell 2 – Tilgjengeleg finansiering, fylkeskommunalt bidrag

Fylkeskommunalt bidrag (i mill. 2024-kr)	
Midlar i byvekstavtalen	3341
Tilgjengeleg til HP25-28	1941
Prosjekt med bindingar	95
Handlingsrom	1846
Sum resterande prosjekt	1120

Tabell 3 viser innspelte prosjekt over det fylkeskommunale bidraget, rangert etter vurderinga av modenheit og måloppnåing.

Tabellen er sortert etter tre kategoriar. Den første delen viser samlepottar eller andre prosjekt som ikkje er byggeprosjekt. Alle desse scorar fullt ut på modenheit og måloppnåing, men i praksis er det vanskeleg å vurdere dei på same måte som byggeprosjekt. Det er dessutan varierende grad av detaljering av kva pottane brukast til, og derfor utfordrande å vurdere måloppnåing for einskildtiltak. Den andre delen er prosjekt som finansierast med post 30-midlar, men der det fylkeskommunale bidraget dekker prosjektering og mva. Eventuell prioritering av desse prosjekta må sjåast i samheng med prioriteringsdiskusjonen for post 30. Den siste delen av tabellen viser prosjekt i Bergen kommune som blir finansiert i tråd med byvekstavtalen. I kommentarfeltet er det vist endringar frå førre handlingsprogram og relevante utdjupingar frå prioriteringsrådet.

Tabell 3 – Innspelte prosjekt med finansiering over fylkeskommunalt bidrag (oppdatert etter vedtak i styringsgruppa 22. mars 2024)

Prosjektnavn	Modenheit	Måloppn.	Kostnad				Tidlegare				Restbehov	Kommentar
			HP25-28*	2023	2024	2025	2026	2027	2028			
Gangveier til kollektivtraseer	3	9	40400	-	-	10 100	10 100	10 100	10 100	10 100	25 000	Redusert årleg beløp ift. HP24-27, frå 12,1 til 10,1 mill.
Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2 mellom Bergen sentrum og Oasen	3	9	150600	-	51 400	40 000	40 000	36 000	34 600	33 000	Gjennomsnittleg årleg sum er redusert ift. HP24-27.	
Trafikksikkerhet	3	9	102000	90 626	35 152	25 500	25 500	25 500	25 500	25 500		
Fremkommelighetstiltak sykkel	3	9	14400	7 545	4 600	3 600	3 600	3 600	3 600	3 600		
Mindre kollektivtiltak, enklere tiltak	3	9	16400	4 943	6 240	3 100	4 100	4 100	4 100	4 100		
Oppgradering holdeplasser	3	9	40000	32 700	8 000	8 200	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	Årleg beløp auka frå 8,2, til 10 mill
Oppgradering signalanlegg og ASP	3	9	6000	3 988	2 700	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	
Program for teljing og analyse av fotgjengartraum og åtferd	3	9	4000	1 800	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	
Sentrums og knutepunktsutvikling i Bergen - Oppstartsmidler	3	9	4000	-	3 640	500	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	
Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss	3	9	80000	62 485	14 976	17 000	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000	Årleg beløp auka frå 17 til 20 mill.
Reisevaneundersøkingen (RVU)	3	9	5200	-	-	1 300	1 300	1 300	1 300	1 300	1 300	
Prosjektering diverse fylkesveg og grunnerverv	3	9	20400	15 423	7 000	5 100	5 100	5 100	5 100	5 100	5 100	
Drift av sekretariatet i Miljøløftet	3	9	40800	-	-	10 200	10 200	10 200	10 200	10 200	10 200	
Standardheving med vedlikeholdscharakter fylkesveg	3	-	212400	121 225	72 900	53 100	53 100	53 100	53 100	53 100	53 100	10,2 mill. årleg
Sykkeltelling i Bergensområdet	3	9	2000	-	-	2 000	2 000	-	-	-	-	
<b>Delsum, pottar</b>			<b>738600</b>	<b>340 735</b>	<b>207 608</b>	<b>182 200</b>	<b>188 500</b>	<b>186 500</b>	<b>182 500</b>	<b>181 100</b>	<b>194 400</b>	
Etablering av trafikksikker- og attraktiv G5-løysing langs Hatvikvegen - Nordre Hauglandsveg	3	6	17100	-	-	7 000	2 000	8 500	1 700	-	-	Igangsett prosjekt
Skogskiftet sentrumsområde	3	6	37400	-	-	6 400	6 000	14 700	15 700	1 000	-	Ekspropriasjonsrett går ut i 2026.
Ostereidet/Lindsdalen, fortau	3	7	5590	-	-	3 300	1 090	3 200	1 300	-	-	
Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkjørslesanering	3	6	1650	-	-	1 000	1 200	450	-	-	-	
Fv5474 Seim, fortau og avkjørslesanering	1	7	15600	-	-	-	-	-	3 000	7 100	5 500	
Fv5452 Hillesvåg-Apalen, etablering av G/S-veg	1	7	6600	-	-	-	-	-	1 000	3 000	2 600	
Storetveitvegen, Hagerups vei-Minde Alle	3	9	31700	-	-	-	4 000	13 000	4 300	10 400	11 400	
Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei-Fantoft), sykkelanlegg	2	9	58000	-	-	-	-	10 000	31 200	16 800	35 000	
Nattlandsveien, Wiers-jenssens vei -Hagerupsvei	1	9	19500	-	-	-	-	-	6 000	13 500	28 500	
<b>Delsum, post 30-prosjekt</b>			<b>205340</b>	<b>2 600</b>	<b>7 600</b>	<b>17 700</b>	<b>19 290</b>	<b>51 950</b>	<b>68 400</b>	<b>56 000</b>	<b>84 600</b>	
Nonneseter	3	9	45000	-	-	-	10 000	35 000	-	-	-	Nytt prosjekt. Tidlegare oppstart er mogleg.
Hagerups vei, Storetveitvegen-Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer	-	-	41973	187	3 640	16 600	30 000	11 973	-	-	-	Igangsett prosjekt
Apeltunvegen	-	-	41110	-	2 090	4 900	31 110	10 000	-	-	-	Igangsett prosjekt
Fv5300 Salhusvegen, Ulsetstemma-Slettestølvegen	2	8	45000	-	-	-	-	-	-	-	-	Omfanget av tiltaket er uavklart. Modenheit avheng av justeringar i plan og behov for ny høyring. Det pågår arbeid med å vurdere kostnadsbesparande tiltak på strekninga.
Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet -Lyderhornsvieien	1	8	-	-	-	-	-	-	-	-	-	Omfanget av tiltaket er uavklart. Modenheit avheng av justeringar i plan og behov for ny høyring. Det pågår arbeid med å vurdere kostnadsbesparande tiltak på strekninga.
Kjøkkelvikveien samanhengande gang og sykkeltilbod	1	8	6000	-	-	-	-	6 000	51 200	-	-	Prosjektet har hatt låg modenheit i lengre tid. Prioriteringsrådet oppfordrar til framdrift i prosjektet for å sikre oppstart i 2026
Hesthaugvegen, Åsane terminal-Morvik, del 1: Åsane terminal - Haukedalen skole	1	8	5000	-	-	-	-	-	-	5 000	209000	Oppstart forskjøvet to år ift. HP24-27
Årstad, Storetveitvegen (Storetveit skole-Paradis), sykkelanlegg	2	7	-	-	-	-	-	-	-	-	-	Tiltaket ligg nokre år fram i tid. Det er ikkje realistisk med realisering i komande periode og det er ved denne rullinga ikkje grunnlag for å oppgi kostnader.
Klostergaten, gateopprusting	2	6	73000	-	-	5 000	10 000	40 000	23 000	-	-	Auka med 49. mill ift. HP24-27. Fylkeskommunen har gjort byggherreoverslag basert på erfaringstal frå Haugeveien. Tal for Hp 24-27 var basert på forenkede erfaringstal/ tidlegfasevurderingar.
Fv5354 Garnesvegen Bommane - Rasmusvegen	1	8	-	-	-	-	-	-	-	-	-	Prosjektet har låg modenheit og er spelt inn utan behov for midlar i handlingsprogramperioden.
Tennebekk næringsområde ombygging av kryss/avkjørsel	1	5	15000	-	-	-	-	4 000	8 000	3 000	-	Eit ulykkesbelasta kryss, sjølv om det er avgrensa måloppnåing. Det har blitt føreslått å vurdere mindre tiltak heller enn eit stort prosjekt.
<b>Delsum, prosjekt i Bergen</b>			<b>272083</b>	<b>187</b>	<b>5 730</b>	<b>26 500</b>	<b>81 110</b>	<b>106 973</b>	<b>82 200</b>	<b>8 000</b>	<b>209 000</b>	
<b>Sum alle prosjekt</b>			<b>1216023</b>	<b>343 522</b>	<b>220 938</b>	<b>226 400</b>	<b>288 900</b>	<b>345 423</b>	<b>333 100</b>	<b>245 100</b>	<b>488 000</b>	
Årlege bidrag VLFK							352 000	352 000	352 000	352 000	352 000	

## 5. Post 63 – Særleg tilskot til store kollektivtiltak

Finansiering over post 63 avheng av tilleggsavtale og midlar gjennom NTP. Ettersom handlingsprogrammet berre kan handsame prosjekt som er del av ein gjeldande avtale, blir det ikkje lagt inn prosjekt på denne posten for rullinga av handlingsprogram 2025-2028. Det vil som følger av dette ikkje vere spelt inn finansiering på post 63 i handlingsprogram 2025-2028, sjølv om det er finansieringsbehov i perioden.

Det er likevel viktig for dei lokale partane å signalisere tydeleg overfor Samferdselsdepartementet at prosjektet bybanens byggetrinn 5 er modent, og vil vere klart for byggstart i 2025, føresett løyvingar. For å sikre formelle krav og behov, er det spelt inn eit eget prosjektark for bybanen byggetrinn 5, inkludert sykkelstamvegen. Prioriteringsrådet rår styringsgruppa til at også post 63 blir omtalt i handlingsprogrammet med følgjande tekst:

*Vidareføring av utbygging av Bybanen i Bergen og naudsynt utbetring på riksvegnettet mellom Bergen sentrum og Åsane er avgjerande for å sikre Bergen eit høgverdig, føreseieleg og kapasitetssterkt kollektivsystem, for å sikre at nullvekstmålet blir nådd og at det overordna transportsystemet i byen ikkje kollapsar. Dette er særleg aktuelt i samband med ferdigstilling av nytt Sotrasamband og planlagt Nordhordlandstunnel. Bybanen til Åsane er klar for tidleg realisering ved at det har godkjente*

reguleringsplanar, ekstern kvalitetssikring (KS2) er gjennomført og Vestland fylkeskommune har ein organisasjon som står klar til å starte detaljprosjektering, faseplanlegging og utbygging. Lokal finansiering er sikra i gjeldande bompakke Bypakke Bergen, og lokale partar har signalisert vilje til å nytte bompengar i oppstarten av prosjektet for å sikre kontinuerleg utbygging.

## 6. Post 66 – Belønningsmidlar til kommunane

Kommunane og arbeidsgruppene har spelt inn forslag til bruk av belønningsmidlar. Det er i tillegg spelt inn eit par prosjekt med finansieringsbehov i 2024 utover det som var del av handlingsprogram 2024-2027. Ettersom det er tilgjengelege midlar på fond, og dette tidlegare har vore praksis, legg vi til rette for dette også i 2024.

Tabell 4 viser årleg snitt til kommunane, faktisk sum utbetalt og sum av innspelte prosjekt til finansiering frå 2024, og differansen mellom dei. I siste kolonne av tabellen visast tidlegare tilbakehaldne midlar.

Tabell 4 – utbetaling av belønningsmidlar til kommunane (2024-kroner)

Utbetalt frå staten til fylket	tom 2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	Sum	Tilbakehaldne midlar (2022 og 2023)
Bergen	102 902	26 440	27 620	27 620	27 620	27 620	27 620	267 442	20 810
Alver	10 652	2 737	2 860	2 860	2 860	2 860	2 860	27 688	2 155
Askøy	10 696	2 749	2 871	2 871	2 871	2 871	2 871	27 801	2 163
Bjørnafjorden	9 007	2 315	2 418	2 418	2 418	2 418	2 418	23 411	1 822
Øygarden	13 943	3 583	3 743	3 743	3 743	3 743	3 743	36 242	2 793
<b>SUM</b>	<b>147 201</b>	<b>37 823</b>	<b>39 512</b>	<b>39 512</b>	<b>39 512</b>	<b>39 512</b>	<b>39 512</b>	<b>382 584</b>	<b>29 742</b>
<b>SUM UTBETALT tom 2023 + INNSPEL HP25-28 for perioden 24-29</b>	<b>tom 2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>	<b>2029</b>	<b>Sum</b>	
Bergen	92 200	29 070	42 620	44 196	37 500	16 500	7 500	269 586	
Alver	10 320	-	7 100	1 500	-	-	-	18 920	
Askøy	6 900	2 800	2 800	2 800	2 800	2 800	-	20 900	
Bjørnafjorden	7 875	-	2 000	2 000	2 000	2 000	-	15 875	
Øygarden	14 350	9 040	3 250	1 250	1 000	-	-	28 890	
<b>SUM</b>	<b>131 645</b>	<b>40 910</b>	<b>57 770</b>	<b>51 746</b>	<b>43 300</b>	<b>21 300</b>	<b>7 500</b>	<b>354 171</b>	
<b>Differanse</b>	<b>tom 2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>	<b>2029</b>	<b>Sum</b>	
Bergen	10 702	-2 630	-15 000	-16 576	-9 880	11 120	20 120	-2 144	
Alver	332	2 737	-4 240	1 360	2 860	2 860	2 860	8 768	
Askøy	3 796	-51	71	71	71	71	2 871	6 901	
Bjørnafjorden	1 132	2 315	418	418	418	418	2 418	7 536	
Øygarden	-407	-5 457	493	2 493	2 743	3 743	3 743	7 352	
<b>SUM</b>	<b>15 556</b>	<b>-3 087</b>	<b>-18 258</b>	<b>-12 234</b>	<b>-3 788</b>	<b>18 212</b>	<b>32 012</b>	<b>28 413</b>	

Tabellane 5-9 viser kva for enkeltprosjekt som er spelt inn, fordelt på kommunane. I kommentarkolonna er det presisert om prosjektet er ein del av HP24-27, eller om det er eit nytt prosjekt. For Bergen kommune vart prosjekta Kv. 3373 Bjørndalsbakken bru og Gang- og sykkelveg Ytre Arna - Breistein prioritert i HP24-27. Desse prosjekta blei og spelt inn på både post 30 og belønningsmidlar i årets rullering. Dei vart ikkje prioritert over post 30, og det er prioriteringsrådet si tilråding at dei heller ikkje blir prioritert med belønningsmidlar.

Sekretariatet anbefalar å bruke løypande kroner for prosjekt finansiert av belønningsmidlar ettersom desse prosjekta er relativt små beløp, samanlikna med store investeringsprosjekt.

For alle kommunane er det tilgjengeleg finansiering til alle innspelte prosjekt. Det er spelt inn meir enn tilgjengeleg finansiering for Øygarden for dei fyrste åra i handlingsprogrammet. Det er ikkje problematisk, all den tid det samla sett er tilgjengelege midlar.

Slik det ser ut no, vil det vere behov for å få tilbakeført dei tilbakehaldne midla frå staten i 2025.

Tabell 5 – Innspelte prosjekt med belønningsmidlar, Bergen kommune

BERGEN	Utbetalt t.o.m. 2023	2024	2025	2026	2027	2028	Restbehov etter 2028	Kommentar
Tiltak til og med 2023	92 200							Utbetalt i tråd med tidlegare vedtak
Tiltak i handlingsplan for gange		6 950	10 000	15 000	15 000	6 000	3 000	Prosjekt frå HP24-27, men behov som er spelt inn etter 2027 er om lag 6 mill høgare enn beløp i HP24-27
Bysykelordningen i Bergen		5 000	5 000	2 000				Prosjekt frå HP24-27. Behov i 2026 redusert til 2 mill frå 4,3 mill i HP24-27.
Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune		4 500	25 000	25 000	22 000	10 000	4 000	Prosjekt frå HP24-27, men behov spelt inn er lågare enn beløp i HP24-27. Merk at beløp i 2024 er trekt ned med 20,5 mill, tilsvarande den ekstra utbetalinga etter 2. tertial 2023
Sysselbyavtale - Sysselbyen Bergen		1 000	500	500	500	500	500	Prosjekt frå HP24-27. Prosjektet blei prioritert i HP24-27 med 2,2 mill. årleg.
Kronstad - Haukeland vest sykkelkobling		2 120	2 120	1 696				Prosjekt frå HP24-27
Planmidler PBE		9 500						
<b>SUM BERGEN KOMMUNE</b>	<b>92 200</b>	<b>29 070</b>	<b>42 620</b>	<b>44 196</b>	<b>37 500</b>	<b>16 500</b>	<b>7 500</b>	

Tabell 6 - Innspelte prosjekt med belønningsmidlar, Alver kommune

ALVER	Utbetalt t.o.m. 2023	2024	2025	2026	2027	2028	Restbehov etter 2028	Kommentar
Tiltak til og med 2023	10 320							Utbetalt i tråd med tidlegare vedtak
Samlepott belønningmidler Alver 2024			4 100					Prosjekt frå HP24-27. Men behov flytta frå 2024 til 2025.
Prosjektstilling og prosjektbistand i Alver			3 000	1 500				Nytt prosjekt
Fv5452 Hillesvåg-Apalen, etablering av G/S-veg								Prosjekt frå HP24-27. Planmidlar (0,5 mill. i 2024) til prosjekt som var spelt inn til finansiering over post 30. Prosjektarket er ikkje spelt inn på ny, og tas derfor ut.
<b>SUM ALVER KOMMUNE</b>	<b>10 320</b>	<b>-</b>	<b>7 100</b>	<b>1 500</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	

Tabell 7 - Innspelte prosjekt med belønningsmidlar, Askøy kommune

ASKØY	Utbetalt t.o.m. 2023	2024	2025	2026	2027	2028	Restbehov etter 2028	Kommentar
Tiltak til og med 2023	6 900							Utbetalt i tråd med tidlegare vedtak
Oppfølging av sykkelstrategi		200	200	200	200	200		Prosjekt frå HP24-27
Planleggingsmidler Askøy kommune		2 600	2 600	2 600	2 600	2 600		Prosjekt frå HP24-27
<b>SUM ASKØY KOMMUNE</b>	<b>6 900</b>	<b>2 800</b>	<b>2 800</b>	<b>2 800</b>	<b>2 800</b>	<b>2 800</b>	<b>-</b>	

Tabell 8 - Innspelte prosjekt med belønningsmidlar, Bjørnafjorden kommune

BJØRNAFJORDEN	Utbetalt t.o.m. 2023	2024	2025	2026	2027	2028	Restbehov etter 2028	Kommentar
Tiltak til og med 2023	7 875							Utbetalt i tråd med tidlegare vedtak
Sysselstrategi for Bjørnafjorden kommune			1 000	1 000	1 000			Prosjekt frå HP24-27. Behov i 2024 redusert frå 1 mill.
Strategi for grønn mobilitet Bjørnafjorden kommune			1 000	1 000	1 000	2 000		Prosjekt frå HP24-27. Eit år seinare oppstart enn HP
<b>SUM BJØRNAFJORDEN KOMMUNE</b>	<b>7 875</b>	<b>-</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>-</b>	

Tabell 9 - Innspelte prosjekt med belønningsmidlar, Øygarden kommune

ØYGARDEN	Utbetalt t.o.m. 2023	2024	2025	2026	2027	2028	Restbehov etter 2028	Kommentar
Tiltak til og med 2023	14 350							Utbetalt i tråd med tidlegare vedtak
Prosjekt "bysyklar" i regionsenteret		1 000	1 000					Prosjekt frå HP24-27
Prosjekt "sykkelparkering" i regionsenteret		200	250	250				Prosjekt frå HP24-27. Noke høgare beløp, og utvida til 2026
Trafikkanalyse for regionsenter Straume		600						Prosjekt frå HP24-27. Noke høgare beløp
Prosjektstillingar for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne innanfor mobilitet i Øygarden		1 000	1 000	1 000	1 000			Prosjekt frå HP24-27. Endra frå 2 mill. til 1 mill. årleg i perioden 24-27
Akse Straume sjøfront til gangbru Brattholmen		1 000						Nytt prosjekt. Prosjekt er også prioritert over post 30
Arefjordsvegen			500					Nytt prosjekt. Prosjekt også spelt inn over post 30, men vart ikkje prioritert
Bildøyvegen/Straumsundet bru			500					Nytt prosjekt. Prosjekt er også prioritert over post 30
Innfartsparkering Ågotnes		5 240						Nytt prosjekt. Øygarden ynskjer å omdisponere delar av tidlegare utbetalte og framleis ubrukte midlar til bysyklar (2,4 mill.), til prosjektet. Det kjem i tillegg til det som er spelt inn i 2024
<b>SUM ØYGARDEN KOMMUNE</b>	<b>14 350</b>	<b>9 040</b>	<b>3 250</b>	<b>1 250</b>	<b>1 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	

## 7. Post 66 – Tre tilskot til kollektiv

**Tilskot til betre kollektivtilbod, Tilskot til reduserte billettprisar kollektiv og Belønningsmidlar til drift kollektiv (Skyss)** er i mindre grad detaljerte, samanlikna med dei andre finansieringskjeldene. Det pågår eit arbeid for å følgje opp vedtak i styringsgruppa sine saker 103/23 og 8/24. Konklusjonane i dette arbeidet vil ikkje påverke behovet for belønningsmidlar på kort sikt og det blir derfor spelt inn behov på lik linje som har vore praksis i tidlegare handlingsprogram.

### Tilskot til betre kollektivtilbod (tidlegare Tilskot til reduserte bompengar og betre kollektivtilbod)

Styringsgruppa i Miljøløftet har vedteke å slå saman dei to pottane tilskot til reduserte bompengar og tilskot til betre kollektiv, frå og med 1. mars 2023. Heile potten er dermed avsett til Bybanen, utan nærare konkretisering. Dersom Stortinget si behandling av NTP gjev midlar til Bybanen BT5 i første periode, vil heile tilskotet nyttast til dette prosjektet. Dersom prosjektet ikkje er omtala i NTP vil partane i Miljøløftet einast om annan bruk innanfor området kollektivinfrastruktur. Bergensområdet har store behov innanfor dette området, og stadfestar at heile tilskotet vil bli nytta i budsjettåret 2025. Det vert lagt opp til sak om dette i styringsgruppa i august 2024.

### Post 66 – Belønningsmidlar til drift kollektiv

Gjennom avtalen får Skyss tildelt 270 mill. (2020-kronar) årleg i belønningsmidlar til drift av kollektivtransporten. 200 av desse er knytt til tidlegare byvekstavtalar, med ein auke på 70 millionar årleg frå 2019.

I fleire saker til styringsgruppa har VLFK lagt fram saker om korleis belønningsmidla er tenkt brukt. Første sak blei behandla av styringsgruppa i sak 47/20 i september 2020. Der ble det vedteke ein plan om å ikkje bruke alle belønningsmidla tidleg i perioden, for heller å auke aktiviteten mot slutten av perioden. Det er ikkje gjort endring i prioriteringane som er lagt fram tidlegare:

- Iverksetting av tiltak frå inngangen av byvekstavtalen
  - Omlegging av linjenett Bergen V21
  - Årleg ruteendring i byvekstavtaleområdet
  - «Betre busstilbod i Bergen»
  - Regionstamlinje Sørkorridoren (Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden)
- Bergen kommune | Alver kommune | Askøy kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune  
Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statens vegvesen | Statsforvalteren i Vestland



- Ny båtkontrakt Bergen – Askøy/ Nordhordland
- Mobilitetsplan Vest (styrking av rutetilbod og bestillingstransport)
- Styrking av kollektivtilbod – oppfølging av mobilitetsplanar for Bergensområdet
- Samkøyring

Som omtala i innleiinga, så haldt staten i 2022 tilbake delar av belønningsmidlane. Dette med bakgrunn i at det statlege økonomireglementet legg til grunn at tilskot skal bli brukt same året det blir løyvd. For å kunne finansiere tiltak som allereie er sett i verk, vil fylkeskommunen har behov for heile det årlege beløpet i 2025. Etter avtale med Vegdirektoratet, blir det lagt til grunn at det tilbakehaldne beløpet frå 2022, blir overført årleg frå 2025 og ut avtaleperioden.

Belønningsmidlar til drift kollektiv i handlingsprogram 2025-2028 er dermed summen av indeksjusterte belønningsmidlar, pluss årleg overføring av tidlegare tilbakehaldne midlar. For 2025 har Skyss fått signal frå staten om tildeling på om lag 396 (2025-kronar) millionar til drift av kollektiv.

### Post 66 - Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk

58 millionar kroner årleg vert sett av til reduserte billettprisar til kollektivtrafikk. Midlane har til no mellom anna vore nytta til takstfrys og redusert pris på månadskort. Det er fylkestinget som fattar takstvedtak.

## 8. Bypakke Bergen

Tidlegare år har proposisjon 11 S blitt lagt til grunn for berekning av inntektene i bypakke Bergen. Ved rullering av handlingsprogram 2024-2027, blei prognosen for faktisk gjennomsnittspassering for 2023 lagt til grunn for inntektsberekningane. For handlingsprogram 2025-2028 held vi fram med denne praksisen, og finansieringa i Bypakke Bergen baserer seg derfor på prognosen for 2024. Ein ÅDT på 256.000 køyretøy og gjennomsnittsinntekt på 12 kroner ligg til grunn for prognosen.

Med unntak av Bybanen byggetrinn 5, som er omtalt i eige kapittel, er det per no ingen prosjektark med finansiering i Bypakke Bergen.

Gjelda til Bypakke Bergen pr. 31.12.2023 var på 4,6 mrd. kr.

Tabell 10 – Bypakke Bergen

Bypakke Bergen i HP25-27 (tal i mill.kr)	2025	2026	2027	2028
Brutto bompengainntekter	1122	1122	1122	1122
Netto driftsutgifter (samme som prognosen for 2024)	79	79	79	79
Netto finansposter (samme som prognosen for 2024)	197	197	197	197
Netto bompengainntekter	846	846	846	846
Differanse (kan brukes til nedbetaling av gjeld eller finansiering av prosjekter i prop 11 S)	846	846	846	846

## 9. Vegen vidare

Styringsgruppa vedtek Miljøloftets handlingsprogram 2025-2028 i inneverande møte. Det blir fortløpande jobba med kvalitetssikring, og grafisk framstilling av handlingsprogram og prosjektportefølje. Handlingsprogrammet blir sendt til lokalpolitisk handsaming før sommaren.

Merk at Miljøloftet etter vedteke handlingsprogram kan bli bede om å prioritere prosjekta over post 30, uavhengig av geografi.

## 10. Forslag til vedtak

Styringsgruppa gir sin tilslutnad til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025-2028, i tråd med konklusjonane i møtet. Sekretariatet gjer naudsynte tilpassingar og ferdigstiller dokumenta. Handlingsprogram 2025-2028 og prosjektportefølje blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2024.

Styringsgruppa stiller seg bak disponeringa av Belønningsmidlar i 2024 i tråd med tabellane 5-9.